

Før ein fyller ut søknaden, bør ein undersøkje om overtakinga er konsesjonsfri, jf. rettleiinga på side 3 og 4.

Det er eit krav at ein nyttar dette skjemaet når ein søker om konsesjon

Til ordføraren i

(kommunen der eiendomen ligg)

Søknad om konsesjon skal sendast til ordføraren innan fire veker etter at avtalen er gjord eller overtakaren har fått rådevelde over eiendomen. På side 3 skal ein gjera greie for viktige tilhøve som ikkje går fram av svara som er gjevne på spørsmåla i felt 1-22. Skøyte, kjøpekontrakt, leigekontrakt eller annan avtale og dessutan takst skal leggjast ved i original eller stadfest avskrift så fram det finst slike dokument. Gjeld overtakinga landbrukseiendom, skal skogbruksplan leggjast ved, så fram det finst ein slik plan.

1	Namnet til søkjaren (slektsnamn, føre- og mellomnamn)		Fødselsnr. (11 siffer)		
2	Adresse		Organisasjonsnr. (9 siffer)		
3	Telefonnr. (8 siffer)	E-postadresse @			
4	Namnet til overdragaren		Fødselsnr. (11 siffer)		
5	Adresse		Organisasjonsnr. (9 siffer)		
6	Nemninga på eiendomen/-ane eller retten/-ane (namn, gnr., bnr., festnr. eller liknande)				
7	Kjøpesum/leigesum (ved arv eller gåve skal ein føra opp pårekna verdi	Kår av 5-årleg verdi	Kjøpesum for lausøyre		
8	Kommune	Fylke			
9	Arealstorleik	Korleis arealet fordeler seg på dyrka jord, produktiv skog og anna areal			
10	Viss det ligg føre ein skogbruksplan, før opp fordelinga på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantum for produktiv skog.				
Bygningar som står på eiendomen i dag (bustadhus, hytte, driftsbygning, forretningsgard, industri og liknande)					
11	Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggjeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
	Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggjeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
	Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggjeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
	Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggjeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
	Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggjeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
	Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggjeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
	Bygning (type)	Grunnflate i m ²	Byggjeår	Kor mange etasjar	Teknisk tilstand (god, middels eller dårleg)
Andre bygningar					

Med sikte på å redusere verksemdene sine oppgåveplikter, kan opplysningane ein gir i dette skjemaet i samsvar med lov om Oppgåveregisteret §§ 5 og 6, heilt eller delvis bli nytta òg av andre offentlege organ som har heimel til å innhente dei same opplysningane. Opplysningar om eventuell samordning kan ein få ved førespurnad til Oppgåveregisteret på telefon 75 00 75 00.



Nemninga på eigedomen/-ane eller retten/-ane (namn, gnr., bnr., festnr. eller liknande)		
12	Rettar som ligg til eigedomen eller som er avtala i samband med overdraginga	
13	Eig eller leiger søkjaren, ektemaken hans/hennar eller borna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i kommunen? <input type="checkbox"/> Ja I tilfelle kva for eigedomar? <input type="checkbox"/> Nei	
14	Eig eller leiger søkjaren, ektemaken hans/hennar eller borna hans/hennar under 18 år annan fast eigedom i andre kommunar? <input type="checkbox"/> Ja I tilfelle kva for eigedomar? <input type="checkbox"/> Nei	
15	Gjer greie for korleis eigedomen blir nytta i dag (gjeld overtakinga landbrukseigedom, skal ein gjera greie for drifta av eigedomen)	
16	Kva planar har overtakaren for bruken av eigedomen?	
Særskilt for jord- og skogbrukseigedomar (landbrukseigedomar)		
17	Ved overtaking av tilleggsjord skal ein her føra opp gnr. og bnr. på den eigedomen søkjaren eig frå før	
18	Kvalifikasjonane til søkjaren (teoretisk og/eller praktisk røynsle frå jord- og skogbruk)	
19	Vil søkjaren forplikta seg til å busetja seg på eigedomen innan 1 – eitt – år og sjølv bu på eigedomen og driva han på forsvarleg vis i minst 5 – fem – år samanhangande? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	
20	Har overdragaren annan fast eigedom i kommunen som ikkje følgjer med i overdraginga? <input type="checkbox"/> Ja I tilfelle kva eigedomar <input type="checkbox"/> Nei	
21	Er det fleire søkjarar, skal det opplysast om søkjarane er gifte eller sambuarar	
22	Dato	Dato
	Underskrifta til overdragaren	Underskrifta til søkjaren
Desse skal ha melding om avgjerda:		
Liste over vedlegg:		

Skjemaet er tilgjengeleg på Internett: www.slf.dep.no under «Skjema» og <http://blanketter.ft.dep.no>
 Spørsmål om utfylling og bestilling kan rettast til kommunen eller Statens landbruksforvaltning (tlf. 24 13 10 00).
 Skjemaet kan elles bestillast frå Statens landbruksforvaltning: Bestilling@slf.dep.no

Eventuelle tilleggsopplysningar:

RETTLEIING

A. Allment om konsesjonslova

Lov av 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova) mv. fastset at all overtaking av fast eigedom (medrekna mellom anna overtaking ved arv, gåve og kjøp), og stifting av bruksrett for lengre tid enn 10 - ti - år, er konsesjonspliktig, så fram det ikkje er gjort unntak i lova eller i forskrifter fastsette i medhald av lova. Som overtaking reknar ein òg overtaking av delar eller partar i ein eigedom. Ei konsesjonspliktig overtaking kan ikkje tinglysast utan at det er gjeve konsesjon.

Er De usikker på om overtakinga løyser ut konsesjonsplikt, eller har De spørsmål om konsesjonsbehandlinga kan De venda Dykk til kommunen der eigedomen ligg, fylkesmannen eller Statens landbruksforvaltning.

B. Overdraging som ikkje treng konsesjon

Det følgjer av konsesjonslova §§ 3, 4 og 5 og forskrift om konsesjonsfridom mv. (fastsett 8. desember 2003) kva for overtakingar som ikkje kjem inn under konsesjonsplikta. Landbruksdepartementet har fastsett at unntak frå konsesjonsplikt som følgjer av reglane i § 4 første ledd nr. 1-4 og § 5 første ledd nr. 1 og 2 skal godtgjerast ved skjema for eigenfråsegn SLF-0360.

Eigenfråsegna skal følgje heimelsdokumentet (festekontrakt, skøyte eller liknande) når ein sender det til tinglysing. Tinglysingsdommaren sender fråsegna vidare til kommunen som fører kontroll med at konsesjonslova blir følgd.

Føresegnene i konsesjonslova og forskrift om konsesjonsfridom er tilgjengelege på Internett: www.slf.dep.no www.lovdatab.no

Skjemaet for eigenfråsegn SLF-0360 er tilgjengeleg på: www.slf.dep.no under «Skjema» <http://blanketter.ft.dep.no/>

C. Kort om saksgangen

Kommunen har avgjerdsrett i alle konsesjonssaker. Fylkesmannen/fylkeslandbruksstyret er klageinstans.

Føresegner om overføring av mynde fastsett 8. desember 2003, er tilgjengelege på: www.slf.dep.no www.lovdatab.no

Før søknaden blir teken opp til behandling, skal det betalast behandlingsgebyr. Det er kommunen som krev inn gebyret.

D. Nærmare om utfylling av søknad om konsesjon
Det er viktig at opplysningane i søknaden er så fullstendige som råd. Det kan gjera behandlingstida kortare og sikra at saka blir behandla på rett faktagrunnlag.

Felt 1-5

Både søkjaren og overdragaren må føra opp namn, adresse, fødselsnummer eller organisasjonsnummer. Juridiske personar (til dømes aksjeselskap) får tildelt eit organisasjonsnummer. Dette nummeret gjev Einingsregisteret (Brønnøysundregistra) opplysning om på førespurnad. Konsesjonssøkjaren bør føra opp telefonnummer og eventuelt e-postadresse.

Felt 6-11

Omfatter overdraginga fleire gards- og bruksnummer, må alle førast opp i felt 6. Gjeld søknaden konsesjon på feste, skal festenummeret førast opp dersom det finst eit slikt nummer. Gjeld søknaden konsesjon på stifting eller overdraging av andre rettar over fast eigedom som løyser ut konsesjonsplikt etter § 3 i konsesjonslova, skal det gjerast greie for retten (grusrett, utbyggingskontrakt og liknande).

I felt 7 skal det opplysast om kjøpesummen for eigedomen. Gjeld søknaden konsesjon på leige av eigedomen, skal den årlege leigesummen førast opp. Dersom overtakaren har teke over eigedomen ved arv eller gåve, skal pårekna verdi fyllast inn i feltet for dette. Heftar det kårtytingar på eigedomen, skal verdien av dei førast opp. Som døme på kårtytingar kan nemnast burett og naturalia (mjølk, poteter, ved, snørydding). Kårskyldnader som ikkje er bundne til kvart år, skal førast opp som 5-årlig verdi. Andre opplysningar om omfattande kårtytingar som burett og liknande, mellom anna pårekneleg ytingstid, skal normalt gå fram av kjøpekontrakten eller koma fram i saksutgreiinga under behandlinga av konsesjonssøknaden. Dersom lausøyre følgjer med i overdraginga, skal verdien førast opp i feltet for det.

I felt 8 skal ein føra opp kva kommune og fylke eigedomen ligg i. I felt 9 skal ein fylla inn opplysning om totalarealet til eigedomen/-ane. Gjeld overtakinga fleire gards- og bruksnummer, skal alle reknast med. I tillegg skal det opplysast om korleis eigedomsarealet fordeler seg på ulike arealkategoriar. I feltet for dyrka jord skal ein føra opp fulldyrka jord og overflatedyrka jord / gjødsla beite. Som produktiv skog skal ein føra opp skog med produksjonsevne på minst 100 liter (0,1 kubikkmeter) per dekar per år. Som anna areal reknar ein myr, grunnlendt mark, uproduktiv mark, fjell i dagen og liknande.

Finst det ein skogbruksplan for eigedomen, skal ein opplysa om fordelinga på hogstklasse I-V, bonitet og balansekvantumet for den produktive skogen. I felt

11 skal ein føra opp kva bygningar som står på eigedomen i dag (til dømes bustadhus, kårbustad, hytte, driftsbygning, forretningsbygg, industribygg, seter og liknande). I tillegg skal ein føra opp grunnflata for kvar einskild bygning i kvadratmeter og kor mange etasjar bygningen har. Dersom det ligg føre opplysningar om den tekniske tilstanden bygningen er i (til dømes god, middels eller dårleg) og om byggjeåret, (til dømes frå takst over eigedomen) skal ein opplysa om det.

Felta 12-16

Følgjer andre rettar med i overdraginga, skal dei førast opp i felt 12. Døme på slike rettar er beiterett (til dømes i utmark), strandrett, jakt- og fiskerett, hogstrett, allmenningsrett, slåtterett og liknande. Dersom overtakaren, ektemaken hans/hennar eller borna hans/hennar under 18 år eig eller leiger andre eigedomar i kommunen eller i andre kommunar, skal ein føra opp gards- og bruksnummer på desse eigedomane i høvesvis felt 13 og 14. I felt 15 skal ein gjera greie for korleis eigedomen blir nytta i dag. For landbrukseigedomar skal det gå fram om eigedomen blir driven med husdyrhald, planteproduksjon eller liknande. I felt 16 skal overtakaren opplysa kva eigedomen skal brukast til. Døme kan vera overtaking til fritidsføremål, landbruksføremål eller industri.

Felt 17-21

Skal eigedomen ein søker om konsesjon på, nyttast som tilleggsjord til ein eigedom søkjaren eig frå før, skal ein føra opp gards- og bruksnummeret på den eigedomen søkjaren eig frå før. I felt 18 skal det opplysast om kva teoretisk utdanning og praktisk røynsle i jord- og skogbruk søkjaren har. I felt 19 må det opplysast om søkjaren vil forplikta seg til å busetta seg på eigedomen innan eitt år og sjølv bu på eigedomen og driva han på forsvarleg vis i fem år samanhangande.

Når søknaden gjeld ein jord- eller skogbrukseigedom, skal det i samband med behandlinga av konsesjonssøknaden vurderast om det er naudsynt med delingssamykke etter § 12 i lov av 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova). I felt 20 må ein difor opplysa om overdragaren eig annan fast eigedom i kommunen enn den som no skal overdragast. Er det fleire som søker konsesjon på same landbrukseigedomen, må det opplysast i felt 21 om søkjarane er gifte eller sambuarar. Er søkjarane sambuarar, bør sambuaravtale leggast ved konsesjonssøknaden.

Felt 22

Overdragaren og overtakaren må skriva under konsesjonssøknaden. For umyndige - personar under 18 år eller umyndiggjorde - må verja skriva under. Advokatar kan skriva under på vegner av partane dersom dei har fått fullmakt til det.